



Dato: 02.06.2023
Arkivsak-ID.: 23/247
JournalpostID: 23/1449

Saksbehandlar: Elina Jøsang Nilsen
Kommunedirektør/rådmann: Ingeborg Skjølingstad

Saksnr.	Utval	Møtedato
015/23	Forvaltningsstyret	14.06.2023

Fastsetjing av planprogram - Plan 202301 - Errai - Undersjøisk rørleidning

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forvaltningsstyret vedtek å fastsetja planprogram for detaljregulering for plan 202301 – Errai - CO2 – undersjøisk rørleidning, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Dei som har gitt høyringsfråsegn skal gjerast kjent med det fastsette planprogrammet, jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 16 (2).

Fastsetjing av planprogram kan ikkje klagast på.

Forvaltningsstyret 14.06.2023:

Behandling:

Bjarne Nedrebø (Sp) - viktig å ivareta fiskerinteresser og hensyn til tverrsgående ledninger.
Spennende prosjekt.

FV- 015/23 Vedtak:

Forvaltningsstyret vedtek samrøystes:

Forvaltningsstyret vedtek å fastsetja planprogram for detaljregulering for plan 202301 – Errai - CO2 – undersjøisk rørleidning, jf. plan- og bygningslova §§ 4-1 og 12-9.

Dei som har gitt høyringsfråsegn skal gjerast kjent med det fastsette planprogrammet, jf. forskrift om konsekvensutgreiing § 16 (2).

Fastsetjing av planprogram kan ikkje klagast på.

Bakgrunn for saka

Saks- og faktaopplysningar

Multiconsult Norge har på vegne av Horisont Energy sett i gong planarbeid for detaljregulering av CO2-terminal i Haugaland Næringspark og CO2 rørleidning i sjø. Ved CO2-terminalen vil det vera mottak, oppvarming og mellomlagring av CO2. CO2 vil komma til terminalen i skip, før den vert

sendt gjennom røyrleidningen ut til reservoar for permanent lagring på havbotnen. Røyrleidningen vil gå gjennom kommunane Tysvær, Karmøy, Bokn og Kvitsøy.

Røyrleidningen utløyer krav om konsekvensutgreiing og planprogram.

Arealet i Haugaland Næringspark er allereie regulert til industri i områderegeringsplan, og har vore gjenstand for konsekvensutgreiing tidlegare. Det som er nytt i forhold til gjeldande plan, er:

- ein ny kai utover regulert areal
- ei endring av føresegn om høgderestriksjonar
- røyrleidningstraseen ut til grunnlinja, pluss 1 nautisk mil
- omsynssoner for verksemd i anlegget

Røyrleidningstrasé er det som vil gjelda for Bokn kommune.

Planavgrensing for røyrleidning omfattar førebels ei breidde på 200 meter, for å kunna ha fleksibilitet ved plasseringa. Planområdet blir sannsynlegvis mindre enn varsla ved oppstart.



Figur 1: Varsla planområde i Bokn kommune

Krav om konsekvensutgreiing

Planen blir omfatta av forskrift om konsekvensutredning § 6 b, vedlegg 1, pkt. 16 b):

«Røyrleidningar med ein diameter på over 800 mm og en lengde på over 40 km til transport av CO₂-strøymar med sikte på geologisk lagring, med tilhøyrande pumpestasjonar».

Planar etter § 6 i forskrift om konsekvensutgreiing skal ha planprogram. Plan- og bygningslovens § 4-1 angir at eit planprogram skal;

«...gjera greie for formålet med planarbeidet, planprosessen med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad, spesielt i forhold til grupper som anteke å bli særleg ramma, kva alternativ som vil bli vurdert og behovet for utgreiingar».

Planprogram blir fastsett av planstyresmakta (Forvaltningsstyret i samsvar med delegasjonsreglement). Planstyresmakta har også høve til å avvise planprogrammet. Planprogrammet skal leggja rammer for den vidare utarbeidinga av konsekvensutgreiinga og planskildringa. Fastsetjing av planprogram kan ikkje klagast på.

Det er laga eit felles planprogram for kommunane Tysvær, Karmøy, Bokn og Kvitsøy.

Medverknad

Planprogrammet vart sendt på høyring, saman med varsel om oppstart. Høyringsperioden var 17.03.23 – 02.05.23. Varsel vart også publisert i Haugesunds avis.

Det vart i tillegg avhalde informasjonsmøte med grunnleiger og interessentar den 28.3.2023 på Tysværtunet. Møtet var også ope for digital deltaking.

Det kom inn totalt 30 merknader til oppstart av planarbeid og planprogram. 15 av merknadene er felles for alle kommunane, medan 2 merknader gjeld berre for Bokn. Av dei 17 innspela som gjeld for Bokn, er det 9 av dei som omfattar planprogrammet og er lista opp i tabellen under.

Planprogrammet er justert etter høyring i samsvar med mottekne innspel*.

Part	Dato
Kystverket	21.03.23
Stavanger maritime museum	14.04.23
Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB)	26.04.23
Rogaland fylkeskommune, Plan-, miljø og samfunnsavdelingen	26.04.23
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE)	27.04.23
Gro Lavold og Brynjulf Hovland	30.04.23
Fiskeridirektoratet	02.05.23
Statsforvaltaren i Rogaland	03.05.23
Sør-Norges Fiskarlag	11.05.23

*Innspela markert med blå, er innspel som har endra planprogrammet

Vurderinga til kommen av dei innkomne innspela og forslagsstillars kommentar

Kommunen vurderer at innspela er svart opp på ein tilfredsstillande måte og har ikkje noko meir å tilføra enn det som allereie kjem fram i merknadsvurderinga. Dei innspela som er komne inn av DSB og Fiskeridirektoratet har resultert i endringar av planprogrammet som var på høyring. Innspela i sin heilskap ligg vedlagt saka, saman med forslagsstillars merknadsvurdering.

Tema som skal konsekvensutgreiast:

- Naturmangfald
- Vassmiljø
- Nærmiljø og friluftsliv
- Fiskeri og havbruk
- Kulturminne og kulturmiljø i sjø
- Landskap
- Luftforureining
- Grunnforureining
- Klimagassutslepp

Det skal også gjerast ei enkel konsekvensvurdering på maritime forhold og samfunnsmessige forhold, i tillegg til ulike tema som blir beskrive i planskildringa eller som eige fagnotat i planarbeidet.

Tabell 1: Oversikt over tema som skal konsekvensutgreiast, og tema som skal vurderast og beskrivast vidare i reguleringsplanen.

Konsekvensutredning	Enkel konsekvensvurdering	Virkninger omtales i planbeskrivelsen	Eget fagnotat
Naturmangfold	Maritime forhold	Teknisk infrastruktur	Områdestabilitet
Vannmiljø	Samfunnsmessige forhold	Forholdet til økosystemtjenester	Havnivå, stormflo og bølger
Nærmiljø og friluftsliv		Miljøvirkninger	Trafikale forhold
Fiskeri og havbruk		Forholdet til Naturmangfoldloven	Risikovurdering
Kulturminner og kulturmiljø		Forholdet til vannforskriften	ROS-analyse
Landskap			Støy
Luftforurensning			
Grunnforurensning			
Klimagassutslipp			

For utfyllande informasjon om tema, sjå kapittel 6.7 *Utredningstemaer* i Planprogrammet.

Konklusjon

Planprogrammet beskriv planprosessen og tema som skal greiast ut på ein tilfredsstillande måte og kan leggjast til grunn for det vidare planarbeidet. Kommunedirektøren anbefaler forvaltningsstyret å fastsetja planprogrammet.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

Plan- og bygningsloven – pbl. (2008). Lov om planlegging og byggesaksbehandling (LOV-2008-06-27-71). Lovdata. <https://lovdata.no/lov/2008-06-27-71>

Forskrift om konsekvensutgreiing. (2017). (FOR-2017-06-21-854). Lovdata.

Vedlegg:

Planprogram - CO2 terminal Haugaland Næringspark og CO2 rørledning

Merknadsvurdering - CO2-terminal og CO2-rørledning i sjø

Merknader - CO2 terminal Haugaland Næringspark og CO2 rørledning